

Marius som hjelpedirigent/instruktør

06.06.2009

Uskedal skulemusikk er i ferd med å tilbakeleggja ein sesong der musikantane har øvd inn eit imponerande og stort repertoar. Styret er oppteken av at musikantane i korps skal få eit best mogeleg musikalsk tilbod framover.

Som eit viktig ledd i dette, har dei no gjort avtale med Marius L. Torjusen om at han skal ha ei rolle som fast instruktør/hjelpedirigent komande sesong, opplyser Thor Inge Døssland til uskedalen.no

- Korleis kom korpsleiinga på denne ideen?

- Vi var svært fornøgd då denne idéen kom opp. Endå meir fornøgd vart vi då Marius var svært positiv til oppgåva og sa ja. Han er 18 år og spelar i både skulekorps og vaksenkorps i Rosendal. Gjennom åra har han hatt fleire lærarar. Siste året har han reist til Bergen og hatt timer med Thor-Arne Pedersen. Han er svært dugande på instrumentet sitt, euphonium, som han spelar i Manger Musikklag

Marius har allereie markert seg som ein særskilt dugande instruktør. Han skriv og musikk for mindre grupper, og det håpar vi dei som har spela ei stund, skal dra nytte av. Dessutan er han eit flott førebilete for andre skulemusikantar, og han er svært populær blant dei. Han har flott evne til å skapa god kontakt med elevane sine. Marius kjenner desutan vår dugande dirigent, Anders Christensen, veldig godt, og begge ser fram til samarbeidet.

Vi er kjempeheldige som får eit så ungt, dugande førebilete til å inspirera ungane og ungdommane i korpset, seier Thor Inge.

Han betrakter dette som ei vinn-vinn-løysing, ein rimeleg ordning som dei vil få mykje att for.

- Vi håpar vi og kan gje Marius verdfull erfaring då han har potensiale til å verta ein glimrande dirigent som korpsmiljøet kan få mykje glede av.

- Kvifor er det viktig å styrkja instruktørstaben no?

- Det er rette tidspunktet å styrkja staben no. Komande sesong kjem det mange nye inn i korpset. I tillegg held dei som spelar i korpset høgare nivå enn tidlegare. Derfor er utfordringa om å gje alle eit godt musikalsk utviklingstilbod stort. Marius vert ein kjemperessurs for å løysa denne utfordringa. Første tida kjem han naturleg nok til å ta seg mest av dei yngste. Seinare har vi og tru på at hans engasjement også vil merkast godt for dei som har spela ei stund, uttaler Thor Inge.

- Marius sitt engasjement vil i hovudsak knytast til dei faste øvingane, men dersom den yngre garde i korpset ønskjer eit tilbod til andre tider enn tysdagkveldane, har vi no fleire flinke ungdommar som godt kan brukast som instruktørar. Til no har vi nytta oss lite av denne ressursen, men erfaringa med det vi har brukt desse ungdommane, er særdeles gode!

Marius har også markert seg utanfor kommunegrensene. Dei siste åra har han mellom anna vore i styret til NMF Hordaland som varamann. I tillegg har han vore valt som Hordalandsrepresentant i Norges Musikkorps Forbund sitt skuleringsprogram "Ung i teten".

Av Ola Matti Mathisen